Tri Preikor

fyre

det norske Landsfolket.

Av

Kristofer Janson.

Bergen.
Hjaa Edv. B. Gjertsen.

252
J26t

Fyregangsmannen.

Preika

paa

tridje Sunndag i Advent.

Av

Kristofer Janson.

Bergen.

Hjaa Edv. B. Giertsen.

Prentat hjaa J. D. Beyer.

Bøn.

Herre Jesus Kristus! me koma til deg og beda deg um din Naade. Me trenga so hardt til honom, for me er inkje, som me skulde vera. Me skulde tru, og me tru altfor litet; me skulde vera heilage, og me er alt annat; me skulde ganga den tronge Stigen, som ber til Himmelen, og me ganga so mange den breide Vegen, som ber til Helvite. So er det nog Naudtorv til, at Johannes Døyppar kjem imot oss med Krossen sin og segjer: vend um, vend um, her er inkje Frelse at finna denne Vegen! At me daa vilde lyda etter dette Alvorsordet hans, at me maatte skyna, me endaa trenga Ordet um Bot og Bøn, at me endaa trenga, at ein syner oss Vegen, og gjev me daa alle i Hop maatte koma til deg Herre Kristus, og audmjuke segja som Petrus: „Herre! kven skulo me ganga til, du heve det evenlege Livsens Ord.“[1]) Amen!

Tekst.

Math. 11, 2—11.

„Men daa Johannes hoyrde i Fengslet Kristi Gjerningar, sende han Bod med Læresveinom sine og sagde til honom: er du den, som koma skal, elder skulo me venta nokon annan? Og Jesus svarad og sagde til deim: Gange burt og kunngjere Johannes det, som de hoyra og sjaa: blinde sjaa, og halte ganga; spitelske verda reinskade, og dauve hoyra; daude standa upp, og fatige faa hoyra Evan-

[1]) Joh. 6, 68.

726348

gelium. Og sæl er den, som inkje støyter seg paa meg. Men daa desse vaaro burtgjengne, tok Jesus til at tala til Folkehopen um Johannes: kvat gingo de ut i Øydemarki til at skoda? ei Royr, som rigar fyre Vinden? elder kvat gingo de til at sjaa? ein Mann klædd i fine Klæde? sjaa dei, som bera fine Klæde ero i Kongsgardom. Elder kvat gingo de til at sjaa? ein Profet? ja eg segjer dykker, myket meir enn eit Profet. For denne er det, som det er skrivet um: sjaa eg sender Engelen min fyre Andlitet ditt, og han skal jamna Vegen din framfyre deg. Sannelega, eg segjer dykker, av deim, som ero fødde av Kvinnor, er ingen større uppstaden enn Johannes Døypar; men den minste i Himmeriket er større enn han."

Brøder og Syster i Kristo Jesu, vaar Herre! Naade vere med dykker og Fred fraa Gud vaar Fader og den Herre Jesu Kristo!

Me skal i Dag festa Augat paa Johannes Døypar, han Fyregangsmannen, som Kristus talar um: „sannelega, eg segjer dykker, av deim, som ero fødde av Kvinnor, er ingen større uppstaden enn Johannes Døypar". Det var vel stort Ord at høyra detta og sagt av Gud sjølv. So var det fulla sant, for Gud kann inkje taka i Mist. Johannes Døypar var største Mannen paa Jordarike, likafraa Adam til honom, som stod og talad desse Ordi. Noa, den rettvise, Abraham, Guds Vin, Moses, den megtuge Mannen, som førde Jødafolket fraa Trælalandet til Fridomslandet, David, Kongen etter Guds

Hjarta, Elia, som foor i Eldvogni til Himmels, alle desse var som inkje at reikna mot Johannes Døypar. Maa me so inkje hava Age fyre denne Mannen, som me standa Andlit til Andlit med i Dag, og maa me so inkje med Alvore i Hugen lyda paa det, som Evangelieboki fortel, og som vaar Gud og Frelsar talar um honom i dei Ordi me nyst hava leset?

Me hava fyrr høyrt gjetet denne Johannes. Me lesa soleides i Evangelieboki etter Lukas [1]), at han vardt fødd ved eit Underverk, daa Moder hans var ut or Barnseign, og at Engelen, som kunngjorde detta fyre Faderen, sagde, at han skulde verda fyllt med den Heilage-Ande fraa Moderliv av. Me hava likeins høyrt, at Johannes, daa han vardt vaksen, vardt ein streng Mann, som livde ut i Øydemarki i Bot og Bøn, og endelega trod fram etter Guds Ord og preikad attmed Elvi, som heitte Jordan, og døypte der i Elvi ei Mengd med Folk [2]). Ja me hava høyrt, korleides Kristus sjølv kom til honom og vardt døypt av honom i Jordanelvi [3]). Kvat var det no av alt detta, som gjorde Johannes so stor, at han laut vera Størstemannen? Jau det var det, at Gud hadde utvalt honom til at vera den Reidskap, som skulde brøyta Vegen fyre Guds eigen Son, som skulde preika yver alt Jødalandet, at no var han komen, som Folk hadde ventat og lengtat etter so lenge, han som skulde „leggja paa seg vaare Sjukdomar og bera vaare Pinslor, han som er saarad fyre vaare Misgjerningar og slegen fyre vaare Synder." [4]) Han var fulla kunngjord fyrr denne

[1]) Luk. 1, 5 fg. [2]) Luk. 3, 2 fg. [3]) Matth. 3, 13 fg. [4]) Es. 53, 4. 5.

Frelsar og Løysningsmann, som all Skapningen sukkad etter; han var kunngjord likafraa det fyrste Upphavet, daa Gud tilsegjer Adam, at Kvendeavkoma skulde krasa Hovudet paa Ormen[1]), men alle dei gamle Profetarne dei sáag det liksom i Dimma og kunde berre utropa: ein Gong skal han koma. Men han kom inkje. Ætt paa Ætt gjekk i Gravi, og han kom endaa inkje. Daa stod Johannes Døypar fram. Han turvte inkje lenger segja: „ein Gong skal han koma", men han kunde peika paa Mannen og segja: der er han, der gjeng han. No er Himmeriket stiget ned paa Jordi, Frelsar vaar er komen, vend no um fraa Synd og Villa og kom til honom, som heve Kvila fyre alle.

Og Johannes fylde trufast den Ærendi, han hadde fenget. Han stod ved Jordanelvi og utropad fyre heile Mannamengdi, daa han saag Jesus koma: „sjaa det Guds Lamb, som ber Verdi si Synd!"[2]) „Eg heve set det og vitnat, at denne er Guds Son."[3]) Og dette Vitnesmaal bar han fram, likatil han vardt kastad i Fengsl av Herodes. Han sagde all Æra ifraa seg og med Maning til Bot og Bøn synte han Folket burt til Kristus. Men her i Fangahuset ber det til eit merkelegt Hende, og det er nettupp dette, som Teksti fortel ofs um i Dag.

Der stod: „men daa Johannes høyrde i Fengslet Kristi Gjerningar, sende han Bod med Læresveinom sine og sagde til honom: er du den, som koma skal, elder skulo me venta nokon annan." Kvat skal detta tyda?

[1]) 1 Mos. 3, 15. [2]) Joh. 1, 29. [3]) Joh. 1, 34.

Johannes, han som hadde vitnat, at Kristus var Guds Son, han som hadde peikat paa honom og sagt: „sjaa det Guds Lamb!" han spyr no, um det er sant detta, som han sjølv hadde vitnat. Han som hadde set Himmelen open og Guds Ande som ei Duva fara ned yver honom, og som hadde høyrt Røysti fraa Himmelen: „denne er min kjære Son, som er meg tekkeleg," [1]) han spyr no, um det var sant detta, som han hadde set og høyrt. Detta er fulla merkelegt! Og Orsaki til dette undarlege Spursmaalet, det var, stod her, at han høyrde um Kristi Gjerningar. Korleides skal me no finna Grunn i detta? Trudde Johannes elder trudde han inkje? Hadde han trutt fullt og fast, so turvte han inkje senda Bod, og det var han, som spurde og inkje nokon annan. Johannes trudde soleides inkje, elder rettare, han kunde inkje sjaa klaart lenger, han visste det, og han visste det inkje. Han kunde inkje rima i Hop detta, som han høyrde um Kristus, med det, som han hadde tenkt seg, han skulde gjera. Det var Kristi Gjerningar, som var komne imillom. Johannes Døyparr var ein Jøde av rette Slaget, som fylde Mose Log til den minste Bokstaven, og so tenkte vel han soleides, som flestalle av Jødarne tenkte, at den Messias, som skulde koma, vilde og vera ein Jøde av rette Slaget, fylla Mose Log etter Bokstaven, liva strengt og treda fram med Storbyrde, som det sømde seg Jødakongen. I den Trui var det, Johannes hadde døypt honom, og i den Trui var det, han hadde peikat paa

[1]) Matth. 3, 17.

honom som Frelsar. Daa no Johannes vardt kastad i Fengslet, so var han glad og frihugad, av di han visste, at no skulde Guds Son byrja, der han slapp og stiga fram i all sin Vyrdnad. Og korleides gjekk daa Guds Son fram? Jau som ein fatig Stakkar, som inkje aatte det, han kunde stydja Hovudet til, som ein Vin av Toldarar og Syndarar, som inkje skydde dei sjuke og verkbrotne og spitelske, som ein Mann med Handi lyft mot Farisæar og alt Slag skinheilage, men med Famnen open fyre alle, som kom til honom med angrande Hjarta. Han preikad mot alle deim, som trudde at gjera seg sæle ved ytre Fasta og Bot og so og so mange Bøner og med at gjeva Olmosor til dei Fatige, og han lærte, at det inkje galdt Logi etter Bokstaven men etter Anden, at Kjærleike gjev Logi Fullnad.

Sjaa detta var inkje etter Johannes sin Hug, og so sat han daa der i den myrke Fangastova og grundad og grundad, og fyrr han visste Ordet, sat han innspunnen i Tankar som Kongla i Veven og kunde korkje sleppa att elder fram. Kannhenda var det ein Draum elder Synkverving detta, han hadde høyrt og set, kannhenda hadde han teket i Mist av seg sjølv, han var inkje Fyregangsmannen, og denne var inkje Messias; kannhenda var denne, han høyrde um, Fyregangsmann, og at det skulde koma ein annan Messias. Men Duva han hadde set, Røysti han hadde høyrt — nei det laut vera denne likavel. Aa — kvar som heve voret andleg sjuk, som heve voret freistat og heve stridt, han veit, korleides eine Tanken kann taka hin, so ein sidstpaa inkje veit, kvart

ein skal snu seg, og han vil og kunna skyna Johannes, som sit sjuk i det myrke Fangaholet sitt og strider med Tvilen. So kom Læresveinarne hans til og øste honom upp, av di dei gjerna vilde gjera sin Herre og Meistr til øvste Mannen, og so stod inkje Johannes i det lenger men sender Bod til Jesus og spyr: „er du den, som koma skal, elder skulo me venta nokon annan?“ Men nettupp detta, at han sender Bod til Jesus, det synest segja, at han aldri rett heve trutt paa, at Jesus inkje var Messias, for var han inkje Messias, so var han ein Lygnar, og til ein Lygnar vilde visst inkje Johannes senda Bod. Det er soleides eit Rop um Hjelp til honom, som kunde hjelpa, eit Rop fraa eit Hjarta, som er uppetet av Tvil, lik Mannen, som ropar: „Herre eg trur, hjelp mi Vantru!“ [1]) „Eg veit du er Messias, Guds Son,“ meiner Johannes, „men eg veit det inkje rett, for korleides kann ein Messias fara soleides aat, som dei segja, du gjerer. Difyre seg berre eit Ord, eit visst Ord, at du er det, so vil eg tru.“

Svarar no Jesus dette visse Ord? Nei. Han segjer berre: „gange burt og kunngjere Johannes det, som de høyra og sjaa: blinde sjaa, og halte ganga; spitelske verda reinskade, og dauve høyra; daude standa upp, og fatige faa høyra Evangelium. Og sæl er den, som inkje støyter seg paa meg.“ Kvat meinte Jesus med dette Svaret? Jau han vilde gjera Johannes skamfull, og so vilde han, at Johannes skulde faa friare og reinare Syn paa, korleides ein sann Messias skulde vera,

[1]) Marc. 9, 24.

at han skulde rista av seg all denne Dumba, som hadde lagt seg paa Saali hans. Han syner honom berre dei same Gjerningar, som Johannes hadde vanvyrdt, men stutt og greidt og i all sin Storleike, og so legg han til, at den er sæl, som inkje støyter seg paa honom. Det er, likssom han vilde segja: tykjer du detta er uverdugt fyre Guds Son, at lækja dei sjuke, at retta upp dei verkbrotne, at hjelpa dei lidande, at syna dei fatige, dei i Anden fatige, Vegen til Himmelen og turka Graaten av alle Augo? Tykjer du detta er uverdugt fyre Guds Son, so lyt du tenkja upp atter og tenkja betre, til du fær det rette Syn paa, kvat det vil segja, at Guds Son er komen og vil reisa den falne Mannaætti.

Kvat gjorde no Johannes, daa han fekk dette Bod? Evangelieboki segjer inkje nokot um det; men ver viss um, at Johannes skamfull heve fallet paa sine Kne og bedet Gud tilgjeva seg Syndi si, at han heve styrkt Læresveinarne sine ved eit megtugt Vitnesmaal og synt deim burt til honom, som eine bar Frelsen i si Hand. Me kann skyna dette, av den Maaten, som Kristus talar um Johannes paa, etter at Læresveinarne hans er gjengne. For hadde han, Hjartakjennaren, visst, at Johannes vilde hardna i Villa si, so hadde han inkje talat um honom, som han gjerer, so hadde han inkje sagt, at han var største Mannen paa Jordarike.

Sjaa detta var no Segni, som Bibelen ber upp fyre oss i Dag. Kvat kann me no læra av denne Forteljing? for eitkvart maa me kunna læra, sosant det her er Gud, som talar til oss gjenom sine Reidskapar. Me

kann fulla inkje lesa i Bibelen som i ei onnor Moro-bok, der me inkje leggja stort Lag paa, kvat dei segja elder drøsa um. Nei Bibelboki talar i kvart sitt Ord til deg og til meg og til oss alle i Hop. Kvart det Ordet Jesus talar til dei sjuke og verkbrotne og spitelske, det er eit Ord til deg, av di du er andleg sjuk og verkbroten og spitelsk, kvart det Ord han talar til Farisæarne, det er sagt til deg, soframt du er skinheilag og dyrkar Gud med Munnen og inkje med Hjartat, kvart Ordet til dei Fatige er eit Ord til deg, soframt du er fatig, andleg fatig. Naar han dømer, er det deg, han dømer, naar han reiser upp, er det deg, han reiser upp, naar han huggar og trøystar, er det deg, han huggar og trøystar. Difyre er Ordi i Bibelen slike dyre og heilage Ord, som ein aldri kann lesa og grunda i for myket.

Soleides maa og Segni i Dag vera slik ein Spegel, der me kann sjaa vaart eiget Andlit. Og kven er det vel blaud oss, som kann segja med Gud og Sanning, at han aldri heve tvilt, aldri heve klagat seg fyre Gud? Maa me inkje myket meir skjemmast yver, kor vesall og laak ein Mann er, som inkje kann tru og inkje vera tru desse faae Aari, han gjeng hernede, endaa Gud leider honom fram gjenom Dimma og Myrkr og Vaas og Møda, og tusund og atter tusund Gongjer gjev honom Prov paa, at han er den gode Hyrdingen? Maa me inkje fæla fyre oss sjølve og tenkja: „korleides kann eg arme Syndar standa, naar Johannes, han den største, fall?“

Og skulde her vera sume, som tykteſt kjenna seg frie, som hugheilt vil segja, at Trui og Voni og Kjærleiken er som dei skulde vera i Hjarto deira, som kjenna seg støde paa, at dei aldri skal falla — kom sjaa i Spegelen! Daa Johannes stod og døypte Jesum i Jordanelvi, daa vilde han og hava sagt for visst, at han aldri skulde fallet, men sjaa — Dagen er inkje runnen, fyrr Soli heve gladat, og det kann henda so mangt fraa Vogga til Gravi. Berre ei liti Uheppa, ein liten Motbyr, so missa me Modet strakst, so orvonast me og gløyma baade Tru og Vissa. Nei hugsa paa Johannes og døme inkje.

Det var ein Vismann i Grekland, som skal hava sagt til ein storlaaten, rik og megtug Konge, som synteſt, han var den øvste og lukkelegaste av alle daudlege: „lova ingen lukkeleg, fyrr han er i Gravi si.“ Du er inkje trygg, fyrr Moldi fell paa Kisteloket; daa vaknar du — til Doms.

Dei største Pinslarvitne, dei hava og havt sine myrke Stunder, daa Tvilen er komen, skulde so me tru oss betre? Nei me maa nog triva i vaar eigen Barm og ropa: „Gud ver meg arme Syndar naadig.“[1]) Me lyt nog lyda paa dei Ordi, Frelsaren talar til oss, naar han segjer: „vake og bede, at de inkje skulo koma i Freisting. Anden er viljug, men Kjøtet er veikt“;[2]) me maa nog „arbeida paa vaar Frelse med Otte og Skjelving.“[3]) Men ganga me ved det, at me er Syndarar, som tidt falla i Freisting, som verda modlause, det minste det myrknar kring oss, som inkje hava nokor Æra fyre

[1]) Luk. 18, 13. [2]) Matth. 26, 41. [3]) Phil. 2, 12.

Gud, daa er det og Uppreising fraa Fallet at finna, soframt me vil søkja henne paa same Stad, som Johannes søkte henne, hjaa Jesu Kristo, Guds Son, vaar Frelsar. Johannes gjekk til Jesus, av di han visste, at han var den einaste, som kunde lækja. Og her syner han seg ogso som Fyregangsmannen vaar. Fyrste Gong er han Fyregangsmann, naar han preikar Umvending og Bot, for utan Umvending og Bot nyttar det inkje at koma til Kristus, utan Umvending og Bot gjevst det inkje Frelse, finst det inkje Tru. Andre Gongen syner han seg som Fyregangsmannen, no daa han gjeng med Tvilen sin til Jesus Kristus og til ingen annan. Kom di fyre, lat oss og ganga til Jesus med alle vaare Tvil, med alle vaare Spursmaal, han skal lækja. Det er ingen for laag, for det er nettupp dei laage, han vil reisa, det er ingen for sjuk, for det er nettupp dei sjuke, han vil lækja, og er du for laak til at slæpa deg til Kyrkja, so veit du fulla, at han er at finna alle Stader, at han stend attmed Kvila di, berre du ropar paa honom med eit angrande og naadetyrstande Hjarta, at han breider Armarne mot deg, kvar du fer, paa Veg og paa Fjell og paa Sjo. Sannelega han er inkje vand at finna. Og heve Djevelen feinget slik ei Magt yver deg, at du tvilar paa, at denne Jesus, du les um i Bibelboki, er Kristus den Guds Son, so er det inkje onnor Hjelp fyre deg enn at siga i Kne og spyrja honom i Bøni: „er du den, som koma skal, elder skulo me venta nokon annan.“ Og daa skal han minna deg um Daupen sin, um Ordet sitt, um Nattverden sin, og er du

endaa tvihugad og hard, so skal han peika paa Gjerningarne sine, so som han gjorde med Johannes og segja: „kven annan enn Guds Son kann gjera slike Gjerningar.“ Aa Gud er langtolug mot oss, han slepper oss inkje so snart, berre det er Gneiste av Von atter, so held han oss; „han skal inkje brjota sund ei krasad Røyr og inkje slekkja ein rjukande Veik.“ [1]) Og i Bøni er det me skal ganga til honom og spyrja honom. Bøni er Bodberar millom Himmel og Jord, og denne Bodberaren han tarv inkje lang Tid til at gjera seg i Vegen, men han gjeng, kvat Tid du vil, og flyg fram likso fljott, som du tenkjer. Og han finn Vegen, anten det so er myrkt elder ljost, og han kann bera Fred til deg baade ved Dag og ved Natt. Og um du bøygjer Kne som ein sann, audmjuk Kristen, gjeng ved, at du er ein Syndar, som inkje fortener Guds Naade og bed, at du inkje maa falla som Johannes, so skal Jesus Kristus reisa deg og lata denne Bodberaren kviskra deg eit Ord i Øyrat, som vil fylla deg med stor Gleda: ottast inkje! „den minste i Himmeriket er større enn han.“ Merkelege Ord! det er nokon, som er større enn han, som alt til Kristus kom var den største paa Jordi, og denne, som er endaa større, det er inkje nokon Greive elder nokon Konge, men det er du og eg, det kann vera den ringaste Fatigmannen, soframt me kann segja med Sanning, at me høyra til Himmeriket. Korleides er det mogelegt detta? men det er Kristus sjølv, som segjer det, so maa det fulla vera mogelegt og vera visst. Jau, det store

[1]) Matth. 12, 20.

Skil millom Johannes og oss er, at han høyrde til det gamle Sambandet millom Gud og Jødafolket fyre Kristus, men me høyra til det nye Sambandet millom Gud og Kristefolket etter Kristus. Johannes hadde det i so Maate betre, enn dei gamle Profetarne, at han kunde peika paa Kristus og segja: no er han komen! men han fekk ikkje sjaa Kristus lida Soningsdauden fyre oss, han fekk ikkje smaka Velsigningi fraa Daupen og Nattverden hans, soleides som me no gjera det. Difyre er me større. Me kann slaa upp i Bibelboki og lesa um, at Jesus Kristus, vaar Frelsar, er daaen fyre oss og heve krossfest Skuldbrevet vaart, der han sjølv vardt krossfest, me kann bera Smaaborni vaare burt aat Døypefatet og kristna deim i den trifalde Guds Namn, so dei fyllast av den Heilage-Ande, me kann bøygja Knei vaare ved Nattverdbordet, og njota Guds Likam og Blod under Braud og Vin, til at styrkjast i all andleg Strid og Møda. All denne uendlege Rikdom av Naade og Velsigning kunde ikkje Johannes faa, av di Kristus fyrst laut lida Soningsdauden, fyrr Daupen og Nattverden kunde vera det dei no er, daa dei baade tvo er grunnlagde paa Jesu Offerdaude. Kristus mæler soleides ikkje Storleiken hjaa ein Mann etter den Givnad, han heve, etter det Modet, elder den Viljestyrken, som han syner i Livet. Kor ulikt er ikkje dette Maalet fraa Verdi sitt Maal. I Verdi gjeld ein fyre Storkar, naar ein kann kara seg fram til Magt og Æra; men i Himmeriket er der korkje Snakk um eigen Styrke elder eigi Verdskyld, men den verd størst, som kann gjera seg so liten,

so andleg fatig, so tom fyre all verdsleg Hug som mogelegt, for nett i det tome Kjeraldet er det, Gud kann fylla deſs meir.

Juſt detta, at Himmeriket ſlett inkje kjærer ſeg um verdsleg Klokſkap og Visdom og Starv, men ſegjer reint ut, at det duger inkje ſom Lykel til Himmeldyri, nett detta gjerer Kriſtendomen til Forarging fyre ſo mange. Mannen vil ſo gjerna bjoda fram nokot av ſitt eiget, vil ſo gjerna vera med i Guds Verk til Sæla hans, ſo myket han kunde faa litetvetta Verdſkyld han og, men Gud — nei han er ein ſtreng Herre ſoleides, han vil hava Æra fyre ſeg ſjølv, han vil, at Mannen ſkal ganga ved, at han er vorden bergad „utan nokor hans Verdſkyld, men eine og aaleine av Guds faderlege Godvilje og Miſkunn.“ Gud mæler Storleiken hjaa ein Mann etter Velſigningi, han gjev og kann gjeva. Sjaa no dei gamle Profetarne, dei var ſtore, av di Gud fylde og kunde fylla deim med Spaadomsande um honom, ſom ſkulde koma; Johannes var ſtørre, av di Gud fylde og kunde fylla honom med Viſſa um honom, ſom var komen, og me i Himmeriket paa Jordi, i den kriſtne Kyrkja, me er dei ſtørſte, av di Gud fyller oſs og kann fylla oſs med ſine himmelſke Gaavor fraa Ord og Sakramente. Kor takkſame maa me daa inkje vera, at me er fødde og uppalne i dette nye Sambandet, ſom gjerer oſs ſtørre enn Johannes, men for eit Andſvar ligg det inkje ogſo i detta til at nytta Herrens Gaavor flittelega og rettelega. Og ſo er det ein Ting, ſom ein vel maa gjeva Gaum etter. Her ſtend, at den minſte

i Himmeriket er større enn Johannes. Du maa soleides vera i Himmeriket, fyrr du kann vaaga deg til Likning med honom, det nyttar inkje utan. Og det nyttar helder inkje at hava voret i Himmeriket, nei du lyt vera der. Kor mange er det inkje, som hava voret i Himmeriket! Ja me hava alle voret der, daa me som Smaaborn vardt borne fram til Daupen, men kor mange er det vel, som er der? Kor mange er det inkje, som hava miſt Trui baade paa Guds Ord og Daupen sin, som liva i Synd og Villa, som skjemma Kristennamnet sitt, av di dei berre gjera det til eit tomt Namn; som kannhenda tenkja, at Gud ser deim inkje, elder at han inkje er so streng, som Presten segjer. Og kor mange er det inkje, som liva utvertes reint og ulastelegt, som korkje svika elder gjera Næsten Urett, men som hava kaldt Hjarta fyre Gud og Gudsriket paa Jordi. Sannelega desse maa inkje treda fram og ropa: „me er større enn Johannes Døypar," dei høyra inkje med til Himmeriket, for det er inkje Namnkristne, Gud vil hava, og som han let upp fyre, men det er Gagnkristne. Difyre agta deg, at du inkje trur deg sjølv stor, for daa er du paa ein faarleg Veg, men ver audmjuk av Hjarta, og kjenn deg sjølv liten, so liten, at du syneſt inkjevetta kunna til din eigen Frelse, men maa taka alt som ei Naadegaava av Gud, daa skal Kristus segja til deg, (for sjølv vaagar du inkje segja det), at du er stor, større enn Johannes Døypar var. Og endelega for ei Trøyst ligg det inkje i detta, at den minste i Himmeriket er større enn Johannes Døypar. Me er større, av di me hava

fenget meir, Daup og Nattverd, høyrde me, men nett dessе Gaavor me hava fenget, gjera oss og dubbelt so sterke til at standa mot kvar Freisting. Jødarne, som og Johannes høyrde til, dei hadde inkje slik ei Kjelda, der dei kunde drikka seg til Styrking, naar Saali var tyrst; dei hadde Guds Ord um honom, som skulde koma, men inkje Sakramente. Og eg kann spyrja kvar og ein: korleides vilde de vera hugade, naar dei tok Daup og Nattverd burt ifraa Kyrkja? vilde de inkje synast, at no hadde de mist det beste Styrkemidel mot all dagleg Strid og Stræv? at eit Band var sprunget, som heldt Hjartat fast til Gud? Saa maa me daa vera uendleg takksame mot Gud, at han inkje berre heve gjevet oss sitt velsignade Ord, men og gjevet Daup og Nattverd, der han paa ein underleg, løyndomsfull Maate velsignar og styrkjer oss, og inkje døma Johannes og hine gamle Jødar, fyredi dei hava havt sine myrke Stunder av Tvil. Og so lyt me vera frihugade i all Freisting, og hugsa paa, at Gud aldri freistar oss meir enn me kann tola, og at han kann styrkja oss i Striden vaar langt betre, enn han kunde gjera med Johannes. Ottast difyre inkje, um Ulukka paa Ulukka kjem veltande inn paa deg som svarte Bylgjor paa Sjoen, for Gud i Himmelen veit det, han ser deg, og han held deg. Elder trur du, at Armen hans er stuttare no, enn han var, daa det raude Havet stod som Murar paa baade Sidor, medan Jødafolket gjekk turrskott yver, elder daa han let Storm og Jordskjelv og Eld fara framfyre Augat til Elia? Nei han ser og han vakjer; det minste Flyet og

den minste Blomen og den største Mannen dei gjøyma seg alle under Vengjorna til hans Kjærleike.

Brøder og Syster i Kristo! Me hava no set eit Bilæte av Johannes Døyparr, og me hava og set, kvat me kann læra av dette Bilætet. Han var Fyregangsmann, og naar Herren er komen, so heve ein som tidaste inkje Bruk fyre Fyregangsmannen lenger. Heve daa Kyrkja, og hava daa me inkje Bruk fyre Johannes? Jau visselega. Han stend i Dag, og han skal standa i all Æva med den manande Fingren sin lyft mot oss, peika paa Jesus Kristus og segja: „vend um, vend um! gakk til honom det Guds Lamb, som ber Verdi si Synd!" Brøder og Syster, me trenga nog um Maning, me vil so gjerna ganga alle andre Stader enn til honom, me vil ganga til vaar eigen Styrke, til gode Viner, til megtuge Folk, til deim som Pengar eiga, og me tenkja inkje paa, at alt detta kann Ulukka elder Sjukdom elder Daude riva burt i ei einaste Natt. Og me vil so naudlega ganga den smale Vegen gjenom Graat og Sukkar og Liding og Strid og Spott, men me fylgja so gjerna med Straumen, som gjeng lett og leikande radt til Helvite. At daa Johannes maatte standa paa Vegen, stogga oss med Handi og ropa! „vend um, vend um! og gakk til det Guds Lamb, som ber Verdi si Synd!" at me maatte lyda paa desse Ordi hans! Me skal no til at halda Jolahelg. Gjev me daa alle maatte bjoda Fyregangsmannen Johannes til Gjest, at han kunde rydja i Hjartat vaart og fjelga i Stova vaar til at taka imot deg Herre Jesus Kristus. At me inkje med Svir og Drykk

og Banning og Nattarlauping maatte skjemma den Helgi, daa du kom til Verdi, men stendigt sjaa fyre Augat vaart honom, Fyregangsmannen, som stend der streng med Krossen i Handi, manar til Bot og Bøn og peikar paa Jesubarnet i Vogga. Ja vaar Herre og Frelsar! bøyg vaart harde Hjarta, at det vender seg til deg, som eine heve Frelse i Fanget. Lat oss alltid kunna fylgja den varande Fingren til Johannes, han som i sin myrkaste Time inkje visste annan Stad at ganga enn til deg Herre og Frelsar! Og gjev oss so alle ei velsignad Jolahelg!

Amen, i Jesu Namn! Amen!

Frelsaren.

Preika

paa

fyrste Joladagen.

Av

Kristofer Janson.

Bergen.
Hjaa Edv. B. Giertsen.

Prentat hjaa J. D. Beyer.

Bøn.

Herre Jesus Kristus! me standa i Dag med Hyrdingarne og skoda paa deg, som i Krubba ligg. Det er sagt oss, at du er vaar Frelsar, me sjaa det, og me tru det. So bøygja me daa Kne ved Vogga di og beda deg um, at du vil taka mot oss. Me koma med ei stor Byrd paa Ryggen, ei Byrd, som tyngjer oss ned, so me lyt sjaa mot Moldi og inkje kann venda Andlitet mod Himmelen, ei Byrd av Synd og av Veilor. Men du vil taka Byrdi fraa oss, er det sagt, og venda Andlitet vaart upp mot Stjernorna, som lysa i Himmelsalen, der du vil laga Sess fyre oss. So kasta me daa hugheile Byrdi ned fyre Føterne dine, og takka og lova det heilage Namnet ditt, du velsignade Frelsarmann, som gjev Fridom fyre Trældom, Liv fyre Daude. Det er fulla eit Underverk, me skyna det inkje, men Kristendomen trur paa Underverk. Du ser fulla liten og ring ut, der du ligg i Krubba paa Halm, men me veit, at du er stor, større enn Himmel og Jord, at du er Gud allmaattug, som Himmel og Jord er skapt ved. So kann du fulla ogso berga ei vesall Mannasaal, naar du vil vyrda oss somyket, naar du heve slik ein brennande Kjærleike til oss, at all vaar Synd og Usseldom inkje kann slekkja honom. Ja velsignat, lovat vere ditt heilage Namn i all Æva, du som heve sendt Fred paa Jordi, du som heve sonat Mann og Gud! Amen!

Tekst.

Luc. 2, 1—15.

„Men det hende i det Bilet, at det kom Bod fraa Keisar Augustus, at all Heimen skulde skrivast. Denne fyrste Innskriving vardt, daa Kvirinus var Hovding yver

Syria. Og alle gingo dei til at lata seg skriva, kvar til sin eigen Stad. So foor og Josef fraa Galilæa or Staden Nasaret upp til Judæa til Davids Stad, som heiter Betlehem, med di han var av Davids Hus og Ætt, og skulde skrivast med Maria, Festarkona si, som var med Barn. Men det bar til, medan dei vaaro der, at Dagarne fullendadst, daa ho skulde føda, og ho fødde Son sin, den fyrstefødde, og lindad honom og lagde honom i ei Krubba, for det var inkje Rom aat deim i Herbyrget. Og i same Bygdi var det Hyrdingar, som vakte ute um Natti yver Fenaden sin, og sjaa — Herrens Engel stod hjaa deim, og Herrens Ljoske skjein i Kring um deim, og dei ottadst storlega. Og Engelen sagde til deim: ottest inkje, for sjaa, eg kunngjerer dykker ei stor Gleda, som skal vera fyre alt Folket, for i Dag er det i Davids Stad født dykker ein Frelsar, som er Kristus, Herren. Og detta skal vera dykker Teiknet, de skulo finna eit Smaabarn lindat liggjande i ei Krubba". Og braadt vardt det hjaa Engelen ei himmelsk Hermengd, som lovad Gud og sagde: „Æra vere Gud i Høgdi og Fred paa Jordi og Godtokke yver Menneskja."

Brøder og Syster i Kristo Jesu, vaar Herre! Naade vere med dykker og Fred fraa Gud vaar Fader og den Herre Jesu Kristo!

Det er i Dag ein Glededag fyre Kyrkja. „Ottest inkje," segjer Engelen til oss, „for sjaa, eg kunngjerer dykker ei stor Gleda, som skal vera fyre alt Folket, for i Dag er det i Davids Stad født dykker ein Frelsar, som er Kristus, Herren."

Me hadde soleides Orsak til at ottast, me hadde Orsak til at vera uglade, fyrr Frelsaren kom, alle saman; men fraa den Dagen, at Engelen steig ned til Jordi med den Bod, at no var Frelsaren fødd, fraa den Dagen hava me Orsak til at vera glade, og det storlega glade. Denne Dagen, Joladagen, som me kalla honom, stend soleides som Merkedagen fyre heile Mannaætti. Kring honom svivr heile Mannaheimen som Stjernorna kring Soli. Fyrr Himmelljoset var kveikt i Stallen i Betlehem, sveiv heile Verdi i Myrkr. Mannatankarne ragad som drukne Mannen og trivlad seg fram som gjenom ei myrk Gong og vilde finna fram til Ljoset, men dei fann det ikje. Dei visste, det galdt um at finna Ljoset, men dei fann ikje Ljoset. Og Ett paa Ett gjekk i Gravi, den eine steig upp paa Aksterna til hi og kagad som Sjomannen etter Land men saag ikje meir enn det store, tome Rom. Heidningarne kveikte seg Ljos med sine eigne Tankar og skapte seg Gudebilæte, som dei tilbad med dette Ljos, men Ljoset slokknad det eine etter det andre, og Gudebilæti ramlad ned og slo seg sjølve isund. Berre Jødafolket sat kyrt og ventad, likson Mannen, som stirer mot Aust etter Dagen, naar han er faren vill paa Viddi. Gud hadde sjølv snutt Augo deira paa rette Leid, so sat dei og stirte paa Voni i mange, mange hundrad Aar, men dei saag ikje Ljoset. Daa let Engelrøysti: „ottest ikje! for i Dag er det i Davids Stad født dykker ein Frelsar, som er Kristus, Herren;“ og som Eldingen kløyver Skyi og gjerer Natt til Dag, soleides vardt dei kløyvde alle dei Skyerna,

som Mannatanken hadde myrkt Sanningi med, og Dagen vardt kveikt, so dei kunde sjaa, kvar dei var alle desse, som gjekk og staakad i Myrkret. Og korleides tok daa Mannaætti mot Ljoset? korleides fagnad dei sin Frelsar? Jau sume vardt reint som blinde og gjøymde seg som Adam millom Trei i Hagen, sume gjekk glade med Hyrdingarne til Krubba og lovad og takkad Gud, og sume snudde seg burt i Traasi, vilde inkje kannast ved dette Ljoset, som inkje var deira eiget, og som gjorde alle deira Hjartatankar openberre. Og du og eg — kvart er so me gjengne? Me veit, at Herodes leitad etter Barnet, for han vilde drepa det. Hava no du og eg ogso lyft Sverdet og vil slaa i Hel Jesubarnet, vaar Herre og Frelsar? Kom, kom, lat oss ganga i denne Stund til Stallen i Betlehem og stira inn i det velsignade Andlit, som ligg i Krubba, og tenkja paa, kvat det er me eiga i denne Frelsar, og korleides me kann faa Lut i den Gleda, som skal vera fyre alt Folket. Guds eigen Heilage-Ande blaase Liv i Ordet, at det maatte verda eit sant Guds Ord, som kunde festa Rot i Hjartat!

Me trenga alle um ein Frelsar, det lyt me no fyrst og fremst tenkja paa. „Alle hava syndat og det skortar deim Guds Æra," segjer Bibelboki.[1]) Og um Boki aldri sagde det, so laut me ganga ved det, kor som var, at me er synduge. Me kjenna det altfor vel i oss sjølve, korleides Syndi heve Magt yver oss baade i Ord og Gjerd og Tankar. Samvitet klagar oss rett

[1]) Rom. 3, 23.

som det er, og dei tie Guds Bodord standa der som Domen yver oss. Og um me aldri so lenge og aldri so vel hadde sett oss inkje at synda meir, so laut me sidstpaa segja med St. Paulus: „det gode, som eg vil, gjerer eg inkje, men det vonde, som eg inkje vil, det gjerer eg [1]).“ Naar so Boki kjem til og stadfester denne Røynsla vaar, so hava me inkje nokot meir at leggja imot, so lyt me berre vera med paa og underskriva denne Domen yver oss: „sannelega, det bid inkje ein rettferdig Mann paa Jordi, som gjerer godt og inkje syndar.“ [2]) Og so fortel Boki oss, at denne synduge Hug hava me ervt fraa Foreldri vaare og desse atter fraa sine Foreldre og soleides uppigjenom Ætterna likatil det fyrste Mannahjonet, Adam og Eva. „Ved eit Menne er Syndi innkomi i Verdi og ved Syndi Dauden, og soleides kom Dauden til alle Menne, i di alle syndad.“ [3]) Og David segjer: „sjaa i Misgjerning er eg fødd, og i Synd heve Moder mi fenget meg.“ [4]) So er det daa inkje mogelegt fyre oss at frelsa oss sjølve, naar me er dømde synduge radt fraa Moderliv av. Og naar det no til denne Ervesynd kjem alle dei openberre Synder, eg heve gjort gjenom heile mitt Liv, so verd galet verre. Eg merkar, eg støyter mod Guds Logbok kvar Dag paa ein elder annan Maate, og det er skrivet: „forbannad vere kvar den, som inkje held seg til alt det, som skrivet er i Logboki, so at han det gjerer.“ [5]) So er daa kvart Mannaliv paa Jordi forbannat likafraa Fødsla av, soframt det inkje finst Frelse paa eikor Vis. Det er likso umo-

[1]) Rom. 7, 19; [2]) Præd. 7, 20; [3]) Rom. 5, 12. [4]) Salm. 51, 7. [5]) Gal.

gelegt fyre Mannen at treda fram fyre Gud i Syndaklædnaden sin, som det er fyre Jordi at lyfta seg til Himmels, som det er fyre svart at verda kvitt. Gud er den heilage og reine, han toler inkje annat enn heilagt og reint i Nærleiken sin. Korleides skal me daa kunna verda frelste, korleides skal me kunna verda heilage og reine, naar me inkje duga til detta sjølve? „Ottest inkje, sjaa eg kunngjerer dykker ei stor Gleda, som skal vera fyre alt Folket, for i Dag er det i Davids Stad født dykker ein Frelsar.“ Me hava soleides funnet ein Frelsarmann, som vil taka paa seg alle Synderna vaare, sona fyre deim og so gjera oss heilage og reine. Men kvat kann detta vera for ein Mann, som stend so høgt, at hans Soning kann vera fullgod fyre heile Mannaætti? Han lyt fulla vera Mann, for annars kunde han inkje sona fyre Mannaborn, men han lyt og vera meir enn Mann, for annars kunde han inkje sona fyre alle Mannaborn. Kven er han daa denne Frelsar? Han er „Kristus, Herren,“ segjer Teksti oss. Kristus er det same, som paa Jødamaalet heitte Messias, han som var lovad Jødarne ved Abraham, han som var lovad alle Folk ved Adam, daa det vardt sagt, at Kvendeavkoma skulde krasa Hovudet paa Ormen. Denne Messias verd alt i den gamle Pakti kallad Guds Son. „Du er min Son, eg fødde deg i Dag,“ let David Gud Fader segja til honom i den andre Salmen. Han er soleides Herren, Herren yver Himmel, Herren yver Jord, Herren yver Liv, Herren yver Daude, Guds Einberning. Han er sann Gud og sann Mann, som Luther segjer i Ty-

dingi til andre Artikelen. Og dette at han var sann Gud og sann Mann, synte han gjenom heile sitt Liv hernede. Han lækte ulækjande sjuke, han uppvekkte daude, han vardt forklaarad paa Berget, han gjekk paa Sjoen, han stilte Vinden, han gjorde uteljande Underverk, han hadde Magt at kalla fram heile Englaheren — kven annan kunde gjera detta enn sann Gud? Og han var sann Mann. Han var Kjøt og Blod, han aat og drakk, han gret og bad, han leid og stridde som alle andre Mannaborn — kven annan kunde detta enn sann Mann? So vardt daa denne Kristus, Herren, som Engelen kunngjerer oss i Dag, vaar dyre Frelsarmann fraa Synd og raa Daude og Satans Rike. Korleides vardt han no detta, og kvat var det, me maatte krevja av ein, som skulde vera Frelsarmann fyre oss? Jau me maatte krevja tri Ting: han laut lida, han laut læra, han laut sigra.

Han laut lida. Ja for annars kunde han inkje frelsa oss. Paa Syndi fylgjer Straff, og me hava alle syndat. So laut han daa lida denne Straff, som er Dauden. Heve han daa lidet Dauden? Ja myket meir. Han heve lidet fyre vaar Skuld, alt fraa han saug det fyrste Andadraget i Krubba i Betlehem-Stallen. Han vardt forfylgt og etterleitat alt som Sogbarn, so Foreldri laut fly med honom til Ægypti Land. Daa han vardt vaksen, vardt han paasett baade av Djevel og Mann. Djevelen freistad honom i Øydemarki og vilde hava honom til at svika si Frelsarærend og selja Mannaætti til seg fyre Gods og Gull. Mannen freistad

honom, kvar han elleſt gjekk og vilde hava honom til at ſvika ſi Frelſarærend ved at ganga undan ſi Liding og ſin Daude og byta Herſkarſtolen i Himmelen med Herſkarſtolen paa Jordi. Han baud Frelſelæra ſi til alt Folket, og alt Folket mistydde henne. Dei ſkrivtkloke og store ſnudde ſeg burt, og vilde inkje høyra henne, dei ringe og fatige høyrde henne men vilde inkje ſkyna henne. Han var kringſett av tri Slag Folk. Fariſæarne og dei ſkrivtkloge hatad og forfylgde honom, Folkahopen kroſsfeſte honom, Vinerne ſveik og rømde fraa honom. Eine Luten laut han kalla Ormaungar,[1]) andre Luten arme Blindingar, den beſte Læreſveinen ſin laut han kalla ein Satan.[2]) Var inkje detta at lida?

Og ſo visſte han alt fyreaat likafraa det fyrſte Upphavet. Naar Folket foor etter honom og vilde gjera honom til Konge og helſad honom med Fagnadrop: „velſignad vere den, ſom kjem i Herrens Namn, Hoſianna i Høgdi!“[3]) ſo visſte han, at denne ſame Folkahopen nokre Dagar etter vilde ropa: „kroſsfeſt honom! kroſsfeſt honom!“ Naar Læreſveinarne hans ſagde for viſt, at um alle ſveik honom, ſo ſkulde dei fulla inkje gjera det, — ſo visſte han, at den beſte vilde negta honom, dei andre røma fraa honom. Naar han laag og ſtridde og bad i Getſemane Hagen, ſo Sveittedroparne vardt ſom Blod, ſom draup til Marki, ſo visſte han, at det nyttad inkje Bøni, ſo visſte han, at han laut tøma Bikaren til Botnar. Er inkje detta Liding?

So kjem den ſidſte tunge Ferdi. Judas-ſvik

[1]) Matth. 23, 33; [2]) Matth. 16, 23. [3]) Matth. 21, 9.

honom, og han kysser Judas. Han som var Frelsar fyre heile Mannaætti og berre av fri Kjærleike var komen til Jordi, han verd slæpt fyre menneskjeleg Domstol, og dømt som den verste Brotsmann. Røvaren Barrabas verd tillyst at vera betre enn Guds Son. Han verd hudflengd og sputtat paa og lætt aat og so slæpt til Golgata og krossfest millom tvo Røvarar. Mannahopen stend ved Foten av Krossen og ristar paa Hovudet aat honom. Men Gudskelov, han hadde daa Gud og Faderen atter denne Frelsarmannen — nei han kjenner seg sviken ogso av Gud. „Min Gud, min Gud, kvi heve du gjenget fraa meg?" styn han paa Krossen, og soleides heng han der millom Himmel og Jord, burtstøytt av Jordi, burtstøytt av Himmelen. For ei Rædslestund, for ei Liding, som inkje Mannatanken kann sjaa Botn i! Og alt detta gjorde han fyre vaar Skuld. „Kristus kaupte oss frie fraa Forbanningi av Logi, daa han vardt ei Forbanning fyre oss, di at det er skrivet: „forbannad er kvar den, som heng paa Tre," soleides skriv St. Paulus til Galatia-Mennerne.[1]) Er det so inkje sant, at han er vorden oss ein dyr Frelsarmann.

Men det var inkje nog, at Kristus, Herren, leid. Han laut og syna, at han var Herre yver Dauden, annars so rakk inkje han helder lenger, enn kvar Mann kunde rekka — til Gravi. Kristus, Herren, laut sigra. Heve han daa sigrat? Me veit, at han stod upp fraa Daude paa tridje Dagen, daa Engelen velte Steinen fraa Gravi, me veit, at han uppfoor til Him-

[1]) Gal. 3, 13.

mels og siter no ved høgre Handi til Faderen. Det var fulla Siger det. So heve daa inkje Dauden Magt til at halda oss helder. Der Herren og Meistren vaar foor i Fyrevegen, der skal me fylgja etter. Gravdyri er opi, Himmeldyri er opi, og han heve Magt til at draga oss fraa Gravi til Himmelen. Likamen vaar skal vel folna som Lauvet og verda til Mold, som han er teken av, men ein Gong skal Luren skrella til Doms, og alle dei daude Likamar skal reisa seg. Steinen er velt fraa Gravi, Dauden er glupt av Sigren, og med forklaarad Hold likssom han skal me møta Herren og Meistren vaar i Skyi. „Kristus skal umskapa vaar vesalle Likam, so han verd lik med hans Ære-Likam etter den Kraft, som han heve til at leggja alle Ting under seg;[1]) for „eg er Uppstandingi og Livet. Den, som trur paa meg, han skal liva, endaa han døyr, og kvar den, som liver og trur paa meg, skal i all Æva inkje døya."[2]) So er daa Dauden inkje lenger myrk og skræmeleg, men ljos og lokkande. So er Gravi inkje lenger Porten til Helvite men Porten til Himmelen fyre kvar truande Saal. So kann me no gledja oss i Livet og gledja oss i Dauden og gledja oss i Himmelen, og alt detta berre fyre vaar kjære Frelsar si Skuld. Er han so inkje ein dyr Frelsarmann?

Men det var inkje nog endaa detta, at han leid Dauden fyre oss og opnad Gravi og vardt den sterke Sigrar yver Djevel og Helvite. Korleides skulde alt detta hjelpa oss, naar me inkje kunde faa Lut i denne

[1]) Phil. 3, 21. [2]) Joh. 11, 25. 26.

Frelse, som skulde vera fyre alt Folket. Og Ordet er inkje soleides at mistyda, at kvar Mann skal verda sæl, etter at Kristus er komen til Verdi, han vere so gudlaus og sidlaus han vera vil. „Gud vil, at alle skulo verda frelste,“ [1]) men inkje alle vil verda frelste av Gud. Det er ein vis Frelsesveg, og utanfyre den Vegen finst inkje Frelse. Det gjeld soleides um at finna denne Vegen, at verda upplyst um denne Vegen. Soleides laut Kristus, Herren, inkje berre vera Sonar og Sigrar, naar han vilde vera Frelsar, men han laut og vera Lærar. Heve han daa voret Lærar? Ja vel heve han voret det. Solenge han gjekk hernede paa Jordarike lærte han, etter at han var uppstaden, lærte han, etter at han var faren til Himmels, lærte han. Paa Kvitsundagen sende han den Heilage-Ande paa Apostlarne og Næmingarne, so dei vardt uppglødde av himmelsk Visdom og preikad Ordet fyre heile Mannamengdi fyre kvar i hans Tungemaal. So foor dei ut i vida Heimen og lærte, og i Kyrkja, som vardt grunnfest av deim, vardt det lært og verd det lært den Dag i Dag um Frelsesvegen, soleides som Kristus, Herren, heve lært det sjølv. Kvat er det so fyre Vilkor Frelsarmannen set fyre oss? kvat er det, han krev av oss, fyrr me kann faa Lov til at fylgja honom paa Sigersferdi hans? Jau det er fyrst, at du lyt segja fraa deg alt ditt eiget, at du trur fullt og fast, at du inkje kann gjera det minste til Sæla di, korkje fraa elder til, men maa taka alt som ei Naadegaava av Herren; dinæst at du vil tru fullt og fast,

[1]) 1 Tim. 2, 4.

at han, Jesus Kristus, sann Gud og sann Mann, er einaste Frelsar din, som heve kaupt deg med sitt Blod, og so endelega, at du vil fylgja honom etter same Vegen, han gjekk, gjenom Trengsla og Liding til Dauden, men so og gjenom Siger og Sæla til Himmelen. Det høyrest so lett detta, og naar ein veit, at det er einaste Maaten at verda sæl paa, skulde ein tru, at kvar og ein vilde triva etter desse Vilkori med Gleda. Men nei, det er inkje so. „Mange ero kallade, men faae utvalde," segjer Herren sjølv. Det er so vandt at gjeva upp seg sjølv, me vil so gjerna hava litet vetta Æra med, og det er so vandt at segja ifraa seg alt det, som Hjartat heng ved, det vere godt elder vondt, det vere Kona, Born, Foreldre, Gods elder Æra. So kann det finst dei, som tru seg sterke i Trui, men naar so Trengsla kjem og skal røyna deim, so verda dei ræddе og draga seg undan. Aa Mannen er veik! Moldi heng ved oss, me er inkje gode til at lyfta Augo og riva Hjarto lause fraa Jordi, me er tekne av. Ja ein kann fritt segja det, at um inkje Mannen hadde sterke Hjelpesmenner, so stod han inkje i at halda Trui, han hadde fenget. Men ogso detta heve Frelsarmannen vaar dreget Umsut fyre. Han heve gjevet oss sin Daup og sin heilage Nattverd, han heve gjevet oss sitt Ord baade i Munn og Bok, han syner ofta i Livslagnaden vaar, korleides den usynlege Handi hans er med oss og leider oss framigjenom. I alt detta er det so rik ei Trøyst, at naar me berre rett vilde nytta Gaavorna hans og

[1]) Math. 20, 16.

hadde Syn fyre, kor uendeleg god og tolug han er mot oss, so skulde me verda sterke og hugheile og inkje ottast korkje Spott elder Naud elder Faare.

Kjære Viner! Kristus er fødd fyre oss, men er han no ogso fødd i oss? Elder med andre Ord: hava no me denne sterke Tru paa honom, som kann bera oss yver Daude og Grav? er det til oss, til deg og til meg, at Engelen segjer: „otteſt inkje, sjaa eg kunngjerer dykker ei stor Gleda, for det er i Dag i Davids Stad født dykker ein Frelsar." Gud gjeve, eg kunde svara det so sant fyre alle. Elska me Kristus, takka me Kristus, fylgja me Kristus? det er Spursmaali, som du i Dag skal svara paa fyre ditt eiget Samvit. Det er Frugterna, som spretta fram av Trui og bløma fyre Verdi, og paa Frugti skal Treet kjennaſt.

Elskar du Kristus? Veit du ingen Ting so godt at tenkja paa som hans Kjærleike? er du god til at segja ifraa deg, kvat det skulde vera fyre hans Skuld? Naar Foreldre elder Born elder Kona elder Husbønd vil freista deg til det, som rangt er, det vere stort elder litet, er du daa god til at segja, som Kristus sagde til Petrus: „vik fraa meg Satan!" [1]) Naar dei anten lova deg baade Rikdom og Æra, elder truga deg med Hat og Forfylging, soframt du berre vil segja elder gjera det og det, som inkje er rett, er du so god til at riva deg laus fraa deim og vera trufaſt mot Herren og Meistren din? Og detta lyt du vera, soframt du vil elska Kristus, som du skal. Og naar dei spea og spotta deg Grannarne dine, og du gjeng som ei onnor Byg-

[1]) Matth. 16, 23.

darfkam, av di du inkje vil vera med paa at drikka og banna og gjera nett fom dei gjera, er du daa god til at ftanda ftødt? Det er ingen Ting, fom bit feg fo inn i Mannen fom Spe. Ein kann tola baade Hogg og Slag og Skjembarord, men at verda lætt aat, det er verre. Og naar Sjukdom og Naud kjem paa, og du misfer baade Gods og Born og lyt fkilja deg ved alt, fom gjorde det hyggelegt i Heimen din, er du daa god til „at vyrda det alt fyre Skarn, fo du kunde vinna Kriftum?“[1]) Detta lyt du gjera, fofremt du rett vil elfka Kriftum? Det kann vera tungt fyre Kjøt og Blod meir enn ein Gong detta, men naar du tenkjer paa alt det, fom Kriftus heve lidet og ftridt fyre deg, og det av fri Kjærleike utan nokor Naudtorv til, fo lyt du vel ganga ved, at det vesle ein Mann kann hava at lida hernede, verd inkjevetta at rekna imot hans Liding fyre vaar Skuld. Og naar du tenkjer paa, kor brennande Kriftus elfkar deg, at han inkje einafte heve kaupt deg med fitt Blod men og fylgjer deg med fin Naade, kvar du gjeng, og ftyrkjer deg i Møda di og leitar etter deg fom Hyrdingen etter Sauden fin, naar han er komen paa Villftig — ja fo lyt du nog fegja, at den veike Kjærleike, fom du kann hava at bjoda honom, kverv burt likfom Dogg fyre Soli, naar han verd liknat i Hop med hans. Me fkal foleides inkje tru og meina, at me gjera nokot ftort, naar me halda faft paa Herren og Meiftren vaar i Trengfla og Naud, tvertum er det berre vaar ringafte Skylda. Og me fkal helder aud-

[1]) Phil. 3, 8.

mjuke synast, at det er fulla litet at bjoda fram eit Hjarta fullt af Synd og Veilor, men so er det no det einaste og største me hava, og me veit, han er nøgd med det Frelsaren. Kor faae er det inkje, som gjeva Frelsaren Hjartat sitt. Naar me lesa, korleides han Gong etter Gong spurde St. Petrus: „Petrus, elskar du meg?“ [1]) og spurde uppatter og uppatter, endaa St. Petrus kvar Gong svarad, at han det gjorde, so maa me av detta kunna skyna, kor laakt det er voret med oss, og kor litet me duga til at elska Frelsaren, som me skulde. At me daa allesaman maatte rett av Hjartat beda honom um, at han vilde verma upp Hjartat vaart, so me kunde koma til at elska honom nokot litet meir enn me gjera.

So skal du takka honom. Gjerer du det? Du skal takka honom inkje einaste, naar han sender deg Gleda, men og naar han sender deg Sorg. Det høyrest undarlegt detta, og det er inkje greidt at skyna fyre Borni av denne Verdi. Men ein Kristen skynar det. Han veit, at all Sorg, som verd send, berre er ei kjærleg Refsing, som vekkjer ein og manar til Bøn og Bot og til at vera aarvak. Og han veit, at naar Sorgi verd teki paa rette Maaten, vil ho berre bera Fred og Velsigning med seg. Ein Kristen kann „umskapa Taaredalen til kjelderik Grunn,“ som David so fagert segjer.[2]) „Dei som saa med Graat, skulo skjera med Gleda. Graatande gjeng han og ber Saadkornet, som han straar; med Glederop skal han koma heim og bera Kornbondi sine.“ [3]) Ein Kristenmann er sterkaste Man-

[1]) Joh. 21, 15. [2]) Salm. 84, 7; [3]) Salm. 126, 5, 6.

nen paa Jordarike. Naar andre er rædde og korkje finna Fred elder Svevn, av di alt gjeng galet fyre deim, so er Kristenmannen logn og hugheil; naar andre reint gjeva seg upp i Orvon og sukka og ropa og riva seg i Haaret, og inkje veit, kvar dei skal søkja Berging ifraa, so er Kristenmannen sterk og glad og kann lova og syngja. Og alt dette kjem seg av di, at Kristenmannen inkje heve bundet seg so fast til nokot her paa Jordi, at det skulde riva honom med seg, um det seig og slokknad. Han heve bygt sitt Hus paa Berget, som er Kristus, han heve lagt Skipet fyre Anker i Himmelhamni. Men naar Kristenmannen er so sterk, at inkje nokot kann vinna paa honom, naar han er so sterk, at han kann vera frihugad og glad, medan alle andre er raadlause og rædde, daa var det vel verdt at vera ein Kristenmann. Men so lyt du elska Kristus, Herren, meir enn alle Ting, og so lyt du takka honom fyre alt, som hender.

Og so var det det tridje, me talad um, det at fylgja honom etter. Var ein viss um, alltid at elska Kristum, som ein skulde, og alltid at takka honom, som ein skulde, so kom det av seg sjølv detta at fylgja honom etter. Men daa me veit, at Mannen er veik og som tidaste gløymer Kjærleiken til Gud fyre Kjærleiken til Verdi, so verd det inkje so beint helder. Korleides ein no skal syna det i eit og alt, at ein fylgjer Kristum etter, det skal eg nærmare utgreida i ei onnor Preika, som eg vil kalla Fylgesveinen. Her vil eg berre segja, at naar ein rett vil fylgja Jesum etter, maa ein ingen

Stad ganga og ingen Ting gjera, som anten strider mot Guds Bodord elder der ein veit, at Kristus inkje kann fylgja med, der ein veit, ein kann taka Skade paa Saali si. No er Mannanaturi so undarleg skapt, at det som ein kann hava Lov til, det kann inkje ein annan, og det som ein hugheilt kann gjera ein Stad, skal ein inkje gjera ein annan Stad. Her gjeld det at fara aat med Apostel-Klokskap og inkje vekkja Forarging hjaa sine veike Brøder. Og framfyre alt gjeld det inkje at vera ein Skrymtar, so ein inkje letst retta seg etter alt, som sjuke Hovud og sjuke Hjarto kann finna paa, naar ein inkje meiner med det, for daa verd ein som dei gamle Farisæarne. Alt som ein kann taka mot som ei god Gaava av Guds Hand og takka fyre, det kann ein og hugheilt njota, og all Stad, der ein kann bera Gud med seg i Hjartat, der kann ein og frihugad ganga.

So leide du oss daa vaar kjære Frelsarmann fram paa Vegen, som ber til ditt Rike, at me kunde vera sannferdelege og reinhugade og taka Krossen upp og fylgja deg etter. Ja kveik i oss den same Eld, som i Apostlarne Kvitsundagen, at Bilætet av deg, som elskad oss meir enn alle Ting, som leid og som døydde fyre vaar Skuld, maatte standa fyre Augat vaart stendigt og mana oss til med Gleda og med lyft Andlit at skrida fram den tronge Vegen, der du foor fyre. Ja lat oss inkje gløyma i Staaket og Strævet hernede, at me er nokot meir enn Mold, at me hava ein udaudleg Ande som er ættad fraa Himmelen, og som skal venda atter

til den høge Heimstaden sin. Lat oss inkje gløyma, at det kostad Blod og det Blodet av Guds eigen Son, fyrr Himmeldyri kunde verda upplati atter, Himmeldyri, som me hadde læst ihop ved vaar eigen Traas og Ulydugskap. Ja kjære Frelsarmann, verd inkje kjeid og leid av oss, naar me endaa er trege og kalde og utakksame, me som skulde hjartaglade triva Frelsen med baade Hender og lova oss lukkelege kunde me koma til at lida fyre di Skuld. Verd inkje kjeid og leid av oss, men tak oss, som me er, fulle av Synd og Veilor. Di Kaapa av Kjærleike er fulla so stor, at ho kann gjøyma Syndamengdi, og du heve sagt, at du er komen til dei sjuke og inkje til dei heile. So tilgjev oss daa alle vaare Synder fyre ditt dyre Blods Skuld, og tak mot oss, naar me koma, og lat oss faa vera dine Brøder og Syster.

„Daa verd det Jol i Stova,
naar Jesus han er min,
daa kann eg Herren lova,
som gav meg Sonen sin,
daa smiler eg aat Verdi
med hennar Sut og Strid,
eg hev ein Bror paa Ferdi,
min Frelsar sterk og frid.

Lat Livsens Stormar truga,
eg vyrder deim ei no,
lat Storm og Armod kuga,
i Jesus hev eg Ro,
han held meg trausst i Armen
fram gjenom Strid og Haad,
med Herrens Fred i Barmen
verd alle Vander smaa."

Amen i Jesu Namn! Amen!

Fylgesveinen.

Preika

paa

andre Joladagen.

Av

Kristofer Janson.

Bergen.

Hjaa Edv. B. Giertsen.

Prentat hjaa J. D. Beyer.

Bøn.

Vaar Herre og vaar Gud! me koma til deg og vil beda deg um Styrke og Magt til at kunna vera dine rette Fylgesveinar. Av eigi Kraft kann me det inkje, det veit du, og du heve sagt oss, at me skal taka Krossen upp og fylgja deg etter. So lyt du hjelpa oss, du vaar kjære Herre og Frelsar, som er sterk i det veike, du lyt hjelpa oss til at faa ein Hug, som er viljug til at taka Krossen upp, og ein Rygg, som er sterk nog til at bera honom etter deg. Du heve fulla synt fyrr, at du kann skapa um eit Mannahjarta, du heve synt i den Flokk av Pinslarvitne, som no kransa deg som ei Sky, at Jesu Namn kann traassa Baal og Brand og Sverd og Pinslor, at Jesu Namn kann fylla Hjartat med Song midt i Sorg, med Gleda midt i Trengsla, med Takk midt i Verk og Baade. So kom daa til oss med din Heilage-Ande, og styrk det veike Hjartat vaart til at kunna vitna um deg i Ord og Gjerd alle vaare Livedagar, hjelp oss til at kunna syngja i dei myrke Dagar so hugheilt som Luther song:

„Og taka dei vaart Liv,
Gods, Æra, Born og Biv;
Lat fara, um so er,
Me endaa Siger fær,
Guds Rike vaart skal vera."

Tekst.

Ap. Gj. 6, 8—15 og 7, 54—60.

„Men Stefanus full av Naade og Kraft gjorde Under og store Teikn millom Folket. Men sume stodo fram, som høyrde til den Synagoga, som verd kallad

Libertiner- og Kyrenæer- og Aleksandriner-Synagoga, og sume av deim fraa Kilikia og Asia, og trætad med Stefanus, og dei vunno inkje standa mot den Visdom og Ande, som han talad med. Daa sette dei loynlega Folk til at segja: „me hava høyrt honom tala Spottord imot Moses og Gud.“ Og dei øste upp Folket og dei Eldste og dei Skriftlærde, og dei foro inn paa honom og drogo honom med seg og førde honom fyre Raadet. Og dei hadde fram Ljugvitne, som sagde: „denne Mannen held inkje upp med at tala Ord mot den heilage Staden og mot Logi; for me hava høyrt honom segja, at denne Jesus fraa Nasaret skal brjota ned denne Staden og broyta dei Skikkerna, som Moses heve gjevet oss.“ Og daa dei feste Augo paa honom alle som i Raadet saato, saago dei hans Andlit som eit Engels-Andlit. — Men daa dei høyrde detta, skar det deim i Hjarto deira, og dei bito Tennerna i Hop mot honom. Men full av heilag Ande skodad han mot Himmelen og saag Guds Æreglans og Jesum standa attved Guds høgre Hand, og han sagde: „sjaa, eg ser Himlarne opne og Menneskje-Sonen standa attved Guds høgre Hand.“ Men dei ropad med hog Røyst og heldo fyre Øyro sine og foro samhugade inn paa honom; og daa dei hadde støytt honom ut or Byen, steinad dei honom. Og Vitni lagde Klædi sine fraa seg attved Føterne til eit Ungmenne, som heitte Saulus, og dei steinad Stefanus, som aakallad og sagde: „Herre Jesu! tak imot Anden min!“ Og han fall paa Kne og ropad med hog Røyst: „Herre! lat deim inkje forskylda denne Syndi.“ Og daa han hadde sagt detta, somnad han av.—

Dagsens Evangelium.

Math. 23, 34 fg.

„Difyre, sjaa eg sender til dykker Profetar og Vismenner og Skriftlærde; sume av deim skulo de drepa og krossfesta, og sume av deim skulo de hudflengja i Synagogom dykkar og forfylgja deim fraa By til By; so at det skal koma yver dykker alt rettferdigt Blod, som er uthellt paa Jordi, fraa Blodet av Abel den rettferdige til Blodet av Sakarias Barakiasson, som de draapo millom Templet og Altaret. Sannelega eg segjer dykker, det skal koma alt detta yver denne Ætti. Jerusalem! Jerusalem! som slær i Hel Profetarne og steinar deim, som til deg ero sende, kor ofta heve eg viljat samna Borni dine, likasom ei Hona samnar Ungarne under Vengjorna sine, og de vilja inkje. Sjaa dykkar Hus skal verda lagt i Øyde. For eg segjer dykker, heretter skulo de inkje sjaa meg, til dess de segja: „velsignad vere den, som kjem i Herrens Namn!"

Brøder og Syster i Jesu Kristo, vaar Herre! Naade vere med dykker og Fred fraa Gud vaar Fader og den Herre Jesu Kristo!

Me hava no høyrt um Fyregangsmannen, og me hava høyrt um Frelsaren sjølv, korleides han vardt fødd paa ein undarleg, løyndomsfull Maate av Jomfru Maria. Idag skal me festa Augat paa Fylgesveinen, paa Stefanus; difyre verd denne Dag ogso kallad St. Stefans Dag. Me skal taka honom til Mynster fyre oss, so me kunde læra av honom at verda sanne Jesu Vitne og gode Jesu

Fylgesveinar. Og so skal me taka Jødarne, som steinad honom, til Varegsla, so me inkje kasta Stein paa nokon Jesu Fylgesvein, inkje reka nokon truande Mann burt og stengja Dyri baade fyre honom og fyre Jesus Kristus, som gjeng i Fylge med honom. Kven var daa denne Stefanus? Me hava høyrt um honom fyrr i Apostla-Gjerningarne, at han var utvald til at vera Fatigforstandar fyre Menigheiti i Lag med 6 andre, og det Stykket, me hava leset i Dag, fortel oss, at han var ein Mann „full av Naade og Kraft," og at han „gjorde Under og store Teikn millom Folket." Han maa soleides hava voret ein Mann, som heve aatt Guds Naadesgaavor i stort Maal, og som heve brukat desse Gaavor til at vitna um og utbreida hans Namn, som hadde gjevet honom Gaavorna, hans Namn, som han kjentest ved som sin Herre og Meistr, Jesus Kristus. Detta forargad Jødarne, men Stefanus gav seg inkje. Han sagde, som Apostlarne sagde, at „ein lyt lyda Gud meir enn Mann," [1]) og so var han lika urædd som fyrr. Daa var det, Jødarne tok honom og laug paa honom og sidstpaa steinad honom, soleides som me hava leset i Dag.

Kjære Viner! me maatte nog ynskja, at me kunde liva soleides og vitna soleides og faa døya med slik Gleda, som Stefanus gjorde det. Han var eit sant Herrens Vitne denne Stefanus — men er det berre han, som skal vera detta? elder høyrde det berre den Tid til at vitna og lida fyre Jesu Skuld? elder gjeld det berre Lærar'rne, dei som er utvalde til at preika og hjelpa

[1]) Ap. Gj. 5, 29.

Menigheiti i all andleg og likamleg Naud? Nei kristne Viner, det gjeld kvar Mann. Me skal alle vera som Stefanus fulle av Naade og Kraft, me skal alle vera som Stefanus Jesu Vitne kvar i sitt Stand, me skal alle likſom Stefanus vera ferduge til at lata Livet fyre Trui si Skuld. So styrkje du ofs daa du gode Heilage-Ande til rett at grunda paa i denne Time, korleides me, kvar einaſte ein, skal vera eit Jesu Vitne, og korleides me skal vera ferduge til at lida alt fyre hans Skuld.

Me skal alle vera Vitne; for Skrifti segjer:[1]) „um du vitnar med din Munn um Herren Jesum og trur i ditt Hjarta, at Gud heve uppvakt honom fraa dei daude, so verd du frelst; for med Hjartat verd det trutt til Rettferd, men med Munnen vitnat til Frelse." Det gjeld soleides um at vitna, sofremt me vil verda sæle, og detta er fulla greidt at skyna. Det som Hjartat er fullt av, det fløder um Munnen. Er no Hjartat fullt av sann Tru, so lyt ein tala som ein truande, um so denne Tale berre verd millom deg og Gud i Bøni i den vesle Stova di. Me lyt soleides vitna. Difyre er og det fyrste, du gjerer framfyre Gud, det at vitna; for naar Presten paa Guds Vegne ved Daupefatet spyr deg Sogbarnet, som ligg paa Armen, um du trur paa Gud Fader, Gud Son og Gud den Heilage Ande etter dei tri Artiklarne, so svara dei, som bera deg fram, paa dine Vegne: „ja, eg trur," og so fær du Daupen. Og denne Vitnesburd, som du byrjad med, den skal du og

[1]) Rom. 10, 9, 10;

enda med, og den skal du hava i Hjartat ditt og paa Tunga di stendigt heile Livet igjenom. Men skal eg daa fara ut paa Gator og Vegjer og preika Kristus? elder skal eg treda fram i Kyrkja elder Samlingshuset og halda Møte? elder skal eg gjera, so som mange i vaare Dagar, fara ikring fraa Bygd til Bygd og preika og halda Bibelleſingar? Nei du skal inkje gjera nokot av alt detta, med minder du dertil heve fenget eit ſerlegt Kall, og Menigheiti heve kravt det av deg. Det er mange i vaare Dagar, som er gripne av slik utidig Vitnelyst, at dei inkje hava Ro paa seg, fyrr dei kann faa treda fram offentleg og preika fyre ei heil Mannamengd. Og so preika dei solenge fyre andre, at dei ofta gløyma at preika fyre seg sjølv um Audmykja og ei stillvori Tru. Detta kann no slett inkje vera rett. Og naar no desse reikande Predikarar endaatil, som det stundom hender, stemna til Møtes, utan at Presten veit um det elder samtykkjer, so maa det no vera reint galet daa. For detta verd inkje annat enn at freista at lokka Menigheiti fraa Presten, og skipla istadenfyre at skipa. Det maa no ogso vera reint at mistyda Guds Ord detta at tru, at ein er ein betre Kristen elder vitnar um sin Gud meir rettelegt, naar ein kavar med at faa i Lag Uppbyggelsar og sovoret, og renn rundt paa deim, naar ein kann koma seg til, paa same Tid, som ein dermed vanskipar og vansteller Huset sitt og Borni sine. Til deim, som tru at tena Gud paa den Maaten, vil eg segja, at dei tente Gud betre med at arbeida paa Marki elder sitja med Rokken sin. Og den som trur, at Kyrkja,

og alt som til henne høyrer, stend for høgt til at verda neddregi i det daglege Strævet, han syner, at han inkje heve Syn paa, kvat Kristendom er elder skal tena til. Kristendomen skal nettupp vera Surdeigi, som syrar all den daglege Gjerdi, den største som den minste. Den som soleides trur, at han er ein god Kristen, av di han gjeng i Kyrkja og paa Uppbyggelsar og held dagleg Bøn og snakker myket um Kristus, samstundes som han syner seg storlaaten, pengagirug, ukjærleg og fer med Drøsor kringum i Bygdi, han spottar snarare Gud, enn han vitnar um honom. Nei, Gud kann og skal verda umvitnat av kvar einaste ein av oss gjenom det daglege Arbeidet vaart, kvat Stand han so høyrer til. Er du Fiskar, skal du tena din Gud med at vera Fiskar, stella med Baaten og Nøterna dine; er du Bonde, skal du vera Bonde, driva Jordi og stia Fenaden; er du Prest, skal du vera Prest, læra Guds Ord skirt og reint og stjorna Sakramenti; er du Kaupmann, skal du vera Kaupmann, selja og kaupa og gjera Rett og Skil mot kvar Mann. Men med alt detta skal du likavel vera eit Jesu Vitne stendigt. Korleides kann no detta hanga i Hop? Det skal me no syna. Soleides er det, at du skal vitna um Jesus Kristus inkje einaste i Ord men og i Gjerd, fyrst og fremst i Ord men ogso i Gjerd. Men at vitna um Jesus Kristus i Ord vil inkje segja det same som at snakka um honom stødt, for so fekk ein fulla inkje gjera annat. Den rette Kristen heve det inkje somykket i Munnen, han er meir stillvoren av seg. Og so lyt ein hugsa paa, at alle hava inkje same Lag elder same

Gaava til at leggja ut Gudsordet fyre andre, alt det dei kann vera lika so gode Kristne. Nei at vitna um Gud i Ord er at tenkja paa honom og hava honom i Hjartat stendigt og vigja all si Gjerd med Bøn, Morgon, Middag og Kveld; det er at ala Borni sine upp i Gudsfrygt, leida deim tidlega burt aat Kristus og fortelja deim um honom og Riket hans; det er at takka fyre alt, det gode som det vonde, at tru fullt og fast, at alt som hender skal tena deim til godes, som elska Gud, og vitna um detta fyre Gud i Bøn. Og heve du so Hug og Trong til at faa lesa i Bibelboki i Lag med andre og samsnakkast med deim um Gud og hans Rike, so er det no inkjevetta at segja paa det. Du heve no alltid ei sopass Kvilestund, at du kann faa Grannarne elder Vinerne dine saman til ei Husandagt elder so. Og endelega, det at vitna Jesus Kristus i Ord, det er at svara fyre seg høgt og lydt, naar ein verd spurt, at ein er ein Kristen og vil fara aat som slik ein, um so Keisar og Pave og Allverdi trod fram og trugad med Hogg og Slag, aldri vera rædd og krjupa i Kraa, men ganga ved, at ein elskar Jesum meir enn alle Ting, og „veit inkje til Frelse utan Jesum Kristum og honom krosfest," netupp soleides som Stefanus gjorde, daa Jødarne slog honom i Hel.

Det er inkje lett detta at vitna um Jesum i Ord, kjære Viner. Ein kvider seg ofta fyre at bera Jesu Merke paa Bringa si. Ein vil gjerna tegja, naar Born av denne Verdi spea og spotta Namnet hans, og ein blygst fyre at gjera si kristelege Skylda, av di

ein ottaſt fyre at faa Namn av „Hengjehovud“ og verda utſkriken ſom ein av „dei vakte.“ Hermed vere det inkje ſagt, at ein alltid ſramfyre Born av denne Verdi ſkal preika Kriſtum i Ord. Naar ein merkar, at Gudsordet er ſpillt paa deim, at det berre vilde øſa deim meir upp til Traaſs og Spott imot Gud, ſo ſkal ein tegja ſeg. Det er detta, Frelſaren kallar „at kaſta Perlor fyre Svin,“ [1]) ſom me inkje maa gjera. Men me maa paa ſame Tid vel agta oſs fyre at bruka dette Ord av Frelſaren til at orſaka og løyna vaar Leta med og vaar Ulyſt til at vedkjenna oſs Jeſum. Det gjeld her ſom alltid at fara aat med Apoſtel-Klokſkap, at vera „kloke ſom Ormar og meinlauſe ſom Duvor,“ [2]) at vera alt fyre alle, ſo ein iminſto kunde frelſa ſume. [3])

Og ſo var det det at vitna um Gud i Gjerd. At vitna um Gud i Gjerd, det er det ſame ſom at laga all Gjerdi ſi ſoleides, at kvar ein, ſom ſer paa henne, lyt ſegja, „han der er ein rett Kriſten.“ Naar ein Tjuv ſtel, og Folk ſtanda og ſjaa paa det, ſo er detta, at han ſtel, det ſame ſom at vitna um ſeg ſjølv fyre deim, ſom ſkoda paa: „eg er ein Tjuv!“ Likeins og med ein Kriſten, all hans Gjerd lyt vera eit Vitnesmaal um, at han er ein Kriſten fyre deim, ſom ſjaa paa. Og denne Vitning i Gjerd, ho ſkal ſyna ſeg i, at du alltid gjerer Skylda di og arbeider trutt, anten du ſo er Husbond elder Teneſtegut, for inkje nokot Arbeid er laakt, naar det verd gjort i Jeſu Namn. Og ſo ſkal ho ſyna ſeg i, at du er ſnild med Kona og Born, at du heve Umſut

[1]) Mt. 7, 6; [2]) Mt. 10, 16. [3]) 1 Kor. 9, 22.

fyre dei fatige, aldri stengjer Dyri fyre den, som laana vil, sosant du kann hjelpa honom, og han fortener at verda hjelpt, aldri syta, um det gjeng nogso galet, men „elska dine Fiender, og beda fyre deim, som forfylgja deg.“ [1]) Daa skal du heita Guds Barn, som er i Himmelen, daa skal du heita ein sann Kristen.

Og denne Vitning av Kristus baade i Ord og Gjerd, ho gjeld baade Mann og Kvende, ho skal signa alt Arbeidet ditt, og ho er so langt fraa at meinka elder seinka det fyre deg, at ho tvertum vil gjera det lettare. Naar du, som er Fiskar, er ute i Baaten din og held Snøret; ligg det daa so langt undan, trur du, at koma til at tenkja paa Apostlarne, som var Fiskarar so mange, at tenkja paa den store Fiskefarm, som dei ein Gong fekk, daa vaar Herre Jesus sagde dei, at siga i Kne fyre honom, som Petrus, og segja: „Herre! gakk ifraa meg, for eg er ein syndug Mann,“ [2]) og likavel beda honom av sin Naade velsigna ogso Fiskjet ditt. Elder naar du er ute og arbeider paa Marki, ligg det daa so langt undan, trur du, at tenkja paa honom, som all god og fullkomleg Gaava er ifraa, som gjev Regn og Solskin og Grodr og so at beda til honom i Hjartat ditt um Lukka til det Aar, som stundar. Elder naar du fer paa Vegen paa Kjerra di, ligg det daa so langt undan, trur du, at koma i Hug, korleides Gud no i so mange Aar heve latet deg fara vel att og fram, og so takka honom fyre det og syngja ein Salmestubbe elder ei onnor god Visa istaden-

[1]) Mt. 5, 44. [2]) Luk. 5, 8.

fyre at stogga med Skjenkjestova og sitja og sumla til langt paa Natt. Og naar du so kjem heim og finn Kona og Born heile, ligg det daa so langt undan, trur du, at tenkja paa, at Gud heve voret god imot deg likavel, som heve gjevet deg baade Kona og Born.

Og so Kvinna, som steller meir inne, kann inkje ho og vitna um Kristus i si stille Ferd. Jau visselega. Naar ho flir og soper og tvær Golvet og vil halda alt fint og reint, av di ho veit, at Gud, som er den reine, inkje kann lika at vera tilhuse i ei Stova, som meir er likt til eit Grisebol enn Folkahus, so gjerer ho ei Gjerd, som det sømer seg eit kristelegt Kvende. Og naar ho alltid held seg og Mannen sin velslidde, agtar vel paa Borni sine og el deim upp i Gudsfrygt, daa er ho eit sant Jesu Vitne. Og naar ho i all Aatferdi si er stilvori og bljug og tolug og gudelski og Mannen sin lydug av Hjartat, so er ho ei sann, kristeleg Kvinna. Difyre segjer ogso Boki, at slik ei Kvinna skal hava stor Løn, fyredi mange skal verda vunne fyre Kristo ved at sjaa paa hennar reine og bljuge Aatferd.[1]) Og Salomon skriv i sine Ordtøke soleides um den rette Kvinna:

„Ho gjerer Mannen sin godt og inkje illt alle sine Livedagar. Ho fær seg Ull og Lin, og Henderna hennar arbeida med Lyst. Henderna sine retter ho aat Rokken, og Fingrarne hennar fata Snelda. Handi si opnar ho fyre Armingen, og Henderna sine retter ho til den fatige. Aaklæde gjerer ho seg, fint Lin og Purpur er hennar Klædnad. — Skyrtor gjerer ho og sel

[1]) 1 Pet. 3, 1. 2;

deim, og Belte flir ho Kaupmannen. Styrke og Heider er hennar Klædnad, og ho lær aat den komande Dag. Sin Munn let ho upp med Visdom, Kjærleiks-Log er paa Tunga hennar. Ho ser etter, kor det fer aat i Huset sitt, og ho et inkje sitt Braud i Leta. Tekke er svikalt, og Vænleike er faafeng — ei Kvinna, som ottast Herren, ho skal verda lovad." [1]) Ja kjære Viner! Mann og Kvende, det gjeld um at vedkjenna seg den Herre Kristus i Ord og i Gjerd. Og detta er inkje Smaating, men det er ein overslega stor Ting. For Herren segjer: „kvar den som vitnar um meg fyre Menneskjom, honom vil eg og vitna um fyre Fader min, som er i Himlarne, men den som negtar meg fyre Menneskjom, honom vil eg og negta fyre Fader min, som er i Himlarne." [2]) At me daa maatte rettelega vitna um ditt heilage Namn du vaar Herre og Frelsar!

Men kvat Løn hava no dei, som vitna um Kristus, her paa Jordi. Sjaa paa Stefanus, so fær du Svaret. Han vardt hatad, han vardt forfylgt, han vardt slæpt fyre Raadet og lastad paa sitt Bak, og sidstpaa vardt han steinad i Hel. Det var hans Liv, det var deira Liv, som vitna i Sanning um Herren og Meistren sin. Sannelega han fekk sanna paa seg dei Ord i Skrifti: „me ljota gjenom mange Trengslor ganga inn i Gudsriket," [3]) han fekk sanna paa seg, „at Vegen er trong, som ber til Livet." [4]) Viner! me lyt lida, sofremt me vil ganga inn til Livet, og det er Teiknet paa eit sant Jesu Vitne, at ein kann lida med Tolmøde. Eg meiner

[1]) Ord. 31, 12 fg. [2]) Mt. 10, 32. 33. [3]) Ap. Gj. 14, 22; [4]) Mt. 7, 14.

inkje her nettupp det at vera sjuk, at mista Gods elder Born elder Kona, endaa det er hardt nog detta; men det finst andre Trengslor, som er langt verre, og det er andlege Freistingar og andleg Strid. Naar det stundom kjem smjugande ein Tvil i Hjartat, um du no og i Røyndi vil verda sæl, naar du skjelv fyre Guds Andlit i Anger og Rædsla og berre ser Myrkr kringum, naar du lyt stynja med den heilage Songaren: „Frels meg Gud, for Vatn gjeng alt til Saali. Eg er sigen i djupt Dy, og det finst inkje Fotefeste, eg er komen i djupt Vatn, og ein Straum bryt yver meg. Eg heve ropat meg trøytt, Barken min er haas; Augo mine ero upptærde, medan og ventar paa min Gud,“ [1]) — ja daa er det vel Trengsla.

Og naar du kjem full av glad Tillit og vedkjenner deg det dyre Jesu Namn, og so berre møter Laatt og Spott, naar Folk kalla det fyre Daarskap at tru slikt nokot, naar dei inkje vil gjera Lag med deg, av di du er ein rett Jesu Fylgesvein, og du tapar baade Æra og Gods med at vera trufast — jaa daa er det vel og Trengsla.

Og naar du verd ribbat so naken so naken baade paa Saal og Kropp, som Job vardt det, daa han miste alt han aatte, laag i Verk og Saar og korkje fekk Trøyst hjaa Viner elder Viv, so han laut segja: „naken kom eg or Moderliv, og naken skal eg atter fara dit,“ [2]) naar detta hender deg, alt det du heve trutt og bedet so hjartalegt all di Tid, og du so attpaa er nøydd til

[1]) Salm. 69, 2. 3. 4. [2]) Job. 1, 21.

at sjaa ugudelege Folk trivast og hava det godt og vel, og du endaa inkje heve Lov til at syta men skal takka — ja daa er det vel Trengsla!

Og naar du ser Borni elder Foreldri dine, elder kven du no kann hava kjærast, vanvyrda Jesu Namn, liva reint gudlaust, ganga rake Vegen til Helvite — for ei Trengsla!

Naar du lyt „hata Fader og Moder," av di du vil vera ein rett Jesu Fylgesvein, naar du lyt riva Kjøt og Blod ut or deg sjølv og banna, der du ynskte signa — ja vel er det Trengsla!

Men trøysta deg, trøysta deg, du stend inkje eismall paa denne tronge Vegen. Det finst dei, som er gjengne i Fyrevegen, og det skal finnast dei, som koma etter. Sjaa paa Stefanus og dei mange tusund, som med honom er steinade, brende, pinte til Daudes — kven heve lidet som dei? Og likavel syta dei inkje, likavel graata dei inkje, men „deira Andlit er som eit Engels-Andlit." [1]) Og dei ropa hugheile til deg: „kom, kom, ræddest inkje fyre deim, som Likamen døyda men kunna inkje døyda Saali; men ræddest helder fyre deim, som kunna tyna baade Saal og Likam i Helvite." [2])

Og sjaa paa den endaa større, Jesus Kristus. Alle dine Trengslor, kor store dei so kann vera, er som eit Fjom at rekna mot deim, som han leid. Du er freistad, han var meir freistad. Han stridde med Djevelen sjølv, han laag og sukkad og bad i Hagen Getsemane, so Sveitten hans var lik Blodsdropar, som

[1]) Ap. Gj. 6, 15. [2]) Mt. 10, 28.

draup paa Jordi. — Du møter Spott og Haad, lyt tola Slengjeord og torer inkje gjengjelda, — han endaa meir. Han, som var Guds Son, laut tola Mistak og Vantru av Vinerne sine, Spott og Neising av Uvinerne. Han som, kvat Tid han vilde, kunde ropa Herar av Englar til Hjelp, han laut lata seg slaa og hudflengja og krosfesta av vesalt Mannakrek, som han var komen til at frelsa. — Du er arm og fatig som Himmelens Fugl, han var endaa fatigare. Han, som aatte all Verdi, som alle Ting er skapte ved, han hadde inkje det, som han kunde stydja Hovudet til.[1]) Du lyt hata Fader din og Moder di elder Syster og Broder — han laut endaa meir. Han laut kasta ut den Branden, som skulde kveikja paa denne Eld av Hat i Verdi. Han segjer: „de skulo inkje meina, at eg er komen til at senda Fred paa Jordi; inkje er eg komen til at senda Fred men Sverd. Di at komen er eg til at setja Mannen upp mot Fader sin og Dotteri mot Moder si og Brudri mot Vermoder si, og Uviner av Mannen skal Huslyden hans vera."[2]) Fyrr hava alle livt i syndug Trygd, no er han komen, som kallar alle til seg, og dei som koma, maa soleides riva seg lause fraa den syndugе Verdi, endaa til fraa sine nærmaste, naar desse er syndugе. Tenk at maatte segja detta og det berre av Kjærleike, for ei Trengsla maa inkje det hava voret! Ja kjære Viner, det er umogelegt at sjaa Botn i Jesu Trengslor fyre vaar Skuld, skulde daa inkje me den Stundi, me bu herunde, lida med Tolmøde. No maa inkje detta

[1]) Mt. 8, 20. [2]) Mt. 10, 34 fg.

verda mistytt soleides, at me skal leita etter Trengslor, skapa oss Trengslor, der dei inkje finnast, likssom Munkarne i gamle Dagar, som drog ut i Øydemarki og slo seg med Svipor og plaagad seg paa alle Maatar. Nei Trengslorna koma nog av seg sjølv, det gjeld berre um at taka rett imot deim. Og me kann vera gode Kristne, um me inkje kvar Dag hava Trengslor. Det hadde Stefanus helder inkje. Og sjaa paa Job, fyrr han vardt slegen! Daa kallar Gud honom ein god, gudsfrygtig Mann, og likavel var han baade rik og glad og livde berre Fagnadagar. Og um me enn kann segja, at vaar Herre Jesus Kristus, daa han gjekk hernede paa Jordi, hadde Trengslor kvar Dag, og at me skal vera hans Fylgesveinar, so lyt me og hugsa paa, at det er uendleg Skil paa honom og paa oss. Han var Guds Son, og me er Mannaborn, han bar Syndabyrdi fyre all Verdi, og me er frie fyre Syndabyrdi i Trui paa honom. Desutan kann du inkje vita, kvat Dag Trengsla kjem, daa Livet er langt. Det kann og finnast dei, som slett inkje faa ytre Trengsla, nettupp fyre di dei lengta so saart etter henne. So vil Gud røyna deim, um dei kann vera true utan Trengsla. Aalment verd det likavel, at ein lyt lida her i Verdi fyre Jesu Namns Skuld; men ein lyt agta seg fyre at setja detta upp som ein Læresetning paa den Maaten, at ein dømer andre, som inkje just hava Trengsla, til at vera laake Kristne elder slett inkje at høyra Jesus til. Men dei som lida, skal hava den Trøyst med seg, at dei er paa same Vegen, som Kristus var, at dei er sanne Fylgesveinar som Ste-

fanns og dei andre, at dei er millom deim, som taka upp Krossen og fylgja honom. Me veit fulla, at desse Trengslor ein Gong skal taka Ende, daa naar me skal ganga heim til dei høge Bustader, der me er ættade fraa, daa naar me som Stefanus skal sjaa Himlarne opne og Menneskje-Sonen standande attmed høgre Handi til Gud, og vaar Herre Jesus Kristus skal turka Taara av alle Augo, daa naar me skal liva i den sælaste Gleda i all Eva. Kvat er so Trengslorna paa Jordi at rekna mot den Æreglans, som skal verda openberr paa oss. Og tenk, tenk kjære Viner, um me skulde koma til at byta saafeng Gleda hernede med evenlege Trengslor, med evenleg Usæla i Lag med Djevelen og Englarne hans! Nei lat oss siga i Kne, og midt i Sorger og Trengslor beda som Stefanus: „Herre tak imot Anden min!" so skal det og verda sagt um oss, som det segjest um honom, at me somna ut or Verdi, og so skal me og vakna i Armarne paa Frelsaren vaar og aldri liba meir.

Og no, kristne Viner, er endaa eit Spursmaal atter, og det er: er me slike Jesu Vitne? slike Jesu Fylgesveinar? Elder er me meir like dei vantrue Jødarne, som Dagsens Evangelium talar um, som ihelslaa, hudflengja, krossfesta dei Profetar og Vismenner og Skriftkloke, som han sender til deim? Eg veit det ikkje, kvar lyt svara fyre seg, men at desse Ordi raaka mang ein i Menigheiti, det er visst. Me kann ikkje lenger hudflengja og forfylgja Læra'rne paa same Maaten, som Jødarne gjorde, (for detta dømer den verdslege Logi)

men me kann det, som kjem paa eit ut, svivyrda deim, reka deim fraa oss, vera deim ulyduge og tidt og ofta spilla deira gode Namn ved skamlaus Snakk. „Men" — kann de segja — „me hava inkje set nokon Profet elder Skrivtklok, som er send til oss?" „Jau det hava de," vil so eg svara. „Det stend paa Preikestolen um Sundagarne ein Mann, som talar Gudsordet til dykker med Maning og Bøn, — sjaa han er ein skrivtklok. Han talar inkje sitt eiget men Herren sitt, han gjev inkje av sine eigne Naadesgaavor men av Herren sine. Han kann vera veik og hava liten Givnad og høva litet til Folket, men so kann han likavel vera til Velsigning, av di han byd fram Herren sine Naadesgaavor og inkje sine eigne.

Og so hava vel fleståtalle i Stova si ei Bibelbok elder nytt Testamente — sjaa dei er Herrens livande Profetar, som tala hans guddomlege Ord skirt og reint, soleides som han sjølv talad det, daa hann gjekk hernede. Ja her ropar og lokkar han meir kjærlegt enn den kjærlegaste Fader. Han opnar Dyri fyre alle, den ringaste som den rikaste, for han segjer: „Gud vil, at alle skulo verda frelste,"[1]) og „kom til meg alle som slita og ero tyngde, og eg vil gjeva dykker Kvila."[2]) Men agta dykker, at inkje Herren skal segja til dykker som til Jerusalem: „kor ofta heve eg viljat samna Borni dine likasom ei Høna samnar Ungarne under Vengjorna sine og de vilja inkje." Ja det er Orsaki. De vilja inkje. Gud heve inkje voret lika sæl, han lokkar og dreg i eit standande likatil det sidste Andadraget dykkar, men — de vilja inkje, de vilja inkje høyra Bøni, lyda paa Ropet, de er trege, kalde. Difyre lyt og Domen verda lesen yver deim, som detta høver paa: „alt rettferdigt Blod, som er uthellt paa Jordi skal koma yver dykker." Dei vantrue Jødar bad Bloddomen ned yver seg sjølve, daa

[1]) 1 Tim. 2, 4. [2]) Mt. 11, 28.

dei ropad: „ditt Blod kome yver oss og yver Borni vaare!“[1]) og det er denne same Bloddom, som alle vantrue nedbeda paa seg, Domen som skrik ifraa Kristi Blod og fraa Blodet til alle dei heilage, som Utrui heve tynt. Og vidare skal Straffi verda lesi: „Dykkar Hus skal verda lagt i Dyde.“ Likssom det inkje vardt Stein paa Stein atter av Jødagudshuset i Jerusalem, so skal dykkar Gudshus, dykkar Hjarta verda lagt i Dyde, Gud skal vikja burt fraa dykkar, um de so enn utvertes synast hava det godt. Men likssom Banningi paa Jødarne inkje skal vara til evenleg Tid, men dei skal sjaa Herren og Meistren sin koma atter, inkje som fyrr audmjukt ridande paa Æsle, men i Kraft og Æreglans i Skyerna, daa naar dei umvenda seg og segja: „velsignad vere han, som kjem i Herrens Namn;“ soleides skal og de, naar de umvenda dykker og segja av Hjartat: „velsignad vere han, som kjem i Herrens Namn,“[2]) strakst faa sjaa Jesum koma til dykker med sin rike Naade og gjera dykker føre til ein Gong at samnast med honom i høge Himmelsheimen.

Herre Jesus Kristus! so lat oss daa velsigna deg, velsigna kvar den, som kjem i ditt Namn. Lat oss verda rette Vitne, som Stefanus var det, i Rikdom, i Lukka, i Gleda, i Naud, i Faare, i Trengsla. Ja um me so sat i djupaste Myrkr, i vesalste Usseldom, hadde tapt alt og vonad inkje, so lat oss likavel kunna syngja med Fatigmannen:

Aa Herre Jesus, i din Famn
det er so godt at kvila,
her er so myrkt, eg ser ei Hamn,
men eg paa deg vil stila;
den saare Foten snaudt meg ber,
du vil meg taka kor som er,

[1]) Mt. 27, 25. [2]) Mt. 23, 38.

aa Herre Jesus! i din Famn
det er so godt at kvila.

Mi Not er sprengd, mitt Hus er selt,
paa deg eg do vil lita;
eg balar hardt, men alt det velt,
do endaa kann eg slita;
vel er eg bleik og sjuk av Naud,
og Borni skrika etter Braud,
mi Not er sprengd, mitt Hus er selt,
paa deg eg do vil lita.

Du heve sagt det i ditt Ord,
at du vil aldri svika,
at Naud og Trong er Dyri stor
radt inn til Himmerike;
so vil eg beda glad, og tru
du bert til Himlen byggjer Bru,
for du hev sagt det i ditt Ord,
at du vil aldri svika.

So tak meg dyre Frelsarmann,
og lat meg inkje gløyma,
at fyrr du yver Djevlen vann,
ditt raude Blod laut strøyma;
naar daa eg lid, eg fast vil tru,
eg er paa same Veg som du —
ja tak meg milde Frelsarmann,
du vil meg aldri gløyma!
Amen, i Jesu Namn, Amen!

3 0112 077828298

Hjaa Ed. B. Giertsen:

Janson, Kr. Fraa Bygdom. Andra Upplaget. 60 ß, fint bundet 90 ß.

— Norske Dikt. Pris 60 ß, fint bu 90 ß.

— Ei Slaastkjempa. Pris 12 ß.

— Jon Arason. Syrgespil i 5 A Pris 60 ß, fint bundet 96 ß.

— Han og Ho. Pris 60 ß, fint bu 84 ß.

— Marit Skjølte. Pris 48 ß, fint bu 72 ß.

— Soldatboki, elder korleides ein Kr skal fara aat, naar han vil vera dugande Stridsmann fyre Gud og ket hans. Pris 12 ß.

Krohn, Henrik. Minne fraa ei Stokkholmsferd. 40 ß.

— Smaakvæde. Pris 20 ß, fint bu 40 ß.

— Ei liti Ferd fraa Sogndal til Fjer Pris 24 ß.

— Gjeirstad-Troud. Pris 12 ß.

— Fraa Vestlandet. Pris 24 ß.